



AURLAND KOMMUNE

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
021/22	Administrasjonsutvalet	24.11.2022
056/22	Formannskapet	24.11.2022
077/22	Kommunestyret	15.12.2022

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
22/616 - 22/6800		Steinar Søggaard 95984633	15.11.2022

Økonomiplan 2023 - 2026/Budsjett 2023

Saka gjeld:

Rådmannen legg fram årsbudsjett 2023, og økonomiplan 2023 – 2026 i balanse. Budsjett og økonomiplanen er heimla i kommunelova §14-2 og §14-4.

Innstillinga frå formannskapet til vedtak om økonomiplan og årsbudsjett, med alle forslag til vedtak som ligg føre, skal ligge ute til ålment gjennomsyn minst 14 dagar før kommunestyret si endelege handsaming.

Tilråding frå rådmannen:

	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026
100 Politiske organ	2 757 300	2 527 300	2 757 300	2 473 000
110 Rådmannsfunksjonen	28 662 800	28 691 000	28 312 000	27 691 000
120 Kultur	4 850 640	4 989 000	4 989 000	4 989 000
210 ABU	19 800 000	20 163 000	20 163 000	19 766 000
221 Flåm barnehage	5 028 679	5 158 000	5 158 000	5 158 000
222 Aurland barnehage	9 921 000	9 958 000	9 598 000	9 598 000
230 Flåm skule	6 007 000	6 007 000	6 007 000	6 007 000
300 helse og førebygging	18 675 000	18 675 000	18 675 000	18 675 000
301 NAV Aurland	2 040 000	2 040 000	2 040 000	2 040 000
302 Barnevern	2 792 727	2 792 000	2 792 000	2 792 000
310 Pleie og omsorg	38 762 000	38 398 000	38 398 000	38 398 000
311 Bu og miljø	27 239 011	27 095 000	27 095 000	27 045 000

500 Teknisk	27 281 796	30 282 000	28 782 000	28 732 000
-------------	------------	------------	------------	------------

1. Kommunestyret vedtek driftsdelen av økonomiplanen 2023-26, og dermed også driftsbudsjettet for 2023, i samsvar med oppstillinga Løvingsoversikt drift i kapittel 4.2 i rådmannen sitt budsjettdokument. Kommunestyret vedtek elles løyvingar – i form av nettorammer, til dei ulike ramme-/budsjettområda i tråd med tabelloppstillinga nedanfor:
2. Kommunestyret vedtek investeringsdelen av økonomiplanen 2023-26, og dermed også investeringsbudsjettet for 2023, i samsvar med oppstillinga Løvingsoversikt investering i kapittel 4.8 i rådmannen sitt budsjettdokument.

Kommunestyret vedtek at ikkje-avslutta investeringsprosjekt ved årsskiftet 2022/23 vert vidareført til 2023, og teke inn med restramme og tilhøyrande finansiering i ei særskilt sak på nyåret.

Kommunestyret vedtek låneopptak til nyinvesteringar i 2023 på 5.500.000 kr fullt ut knytta til VA-investeringar, og med 25 år som nedbetalingstid utan nokon avdragsfri periode. Rådmannen får fullmakt til å ta opp lån innanfor denne ramma, og avgjere lånevilkåra.

3. Kommunestyret vedtek at skatt på inntekt og formue for forskuddspliktige skatteytarar vert skriven ut på grunnlag av lova sitt maksimum for inntektsåret 2023.
4. Kommunestyret vedtek å skrive ut eigedomsskatt med 7 % på energianlegg i medhald av § 3 c) i Lov om eigedomsskatt til kommunane, samt på bygning og grunn i tidlegare verk og bruk, jf. andre ledd i overgangsregel til §§ 3 og 4 i lova. Det vert dessutan skriven ut skatt med 7 % på det særskilte skattegrunnlaget frå tidlegare verk og bruk, redusert med 5/7 i 2023, jf. første ledd i overgangsregel til §§ 3 og 4 i lova. Forfall vert sett til 10. april og 10. oktober
5. Prisar og gebyr blir vedtekne i samsvar med vedlagte dokument «Prisar og gebyr 2023». Renovasjons- og slamgebyr til Simas IKS vert endra i tråd med framlegg frå representantskapen i Simas.
6. Bruk av konsesjonsavgiftsfondet i 2023 vert vedteke i samsvar med tabelloppstilling i kapittel 4.5 i rådmannen sitt budsjettdokument.
7. Tilskot til kyrkjeleg fellesråd vert sett til 2.732.000 kr for 2023, opp frå 2.590.000 kroner i 2022.
8. Kommunestyret vedtek netto driftsresultat, netto lånegjeld, netto finansutgifter og disposisjonsfond som finansielle måltal for økonomistyringa. Måltala gjeld for kommunekassa. Kommunestyret sett som mål at:
 - i. Netto driftsresultatet – etter den nye definisjonen, skal vere på minimum 2,0 % av sum driftsinntekter det einkilde år,
 - ii. Netto lånegjeld – etter den nye definisjonen, over tid og i gjennomsnitt skal haldast innanfor 75 % av sum driftsinntekter det einkilde år,
 - iii. Netto finansutgifter over tid og i gjennomsnitt skal haldast innanfor 3,5 % av sum driftsinntekter det einkilde år,
 - iv. Midlar på disposisjonsfond skal minst utgjere 17,5 % av sum driftsinntekter det einkilde år

Konsesjonsavgiftsfondet skal ha ein minstestørleik på 20 mill. kr.

Kommunestyret vedtek at det årleg i økonomiplan-perioden 2023-26 vert sett av 3 mill. kr til det etablerte premieavviksfondet, slik at effekten av premieavvik i større grad skal nøytralisert og for på sikt bygge opp fondet til å bli like stort som netto, akkumulert positivt premieavvik i balansen

Saksframlegg

Rådmannen syner her i all hovudsak til sjøve budsjettokumentet, oversyna og omtalene som framgår der. Nytt av året er at det visast illustrerande tabelloppstillingar for konsekvensjusteringar og tiltak på dei einskilde budsjettansvarsområda. Korleis ramma for eit budsjettansvarsområde har framkome for ein ny planperiode ved fyrst å ta utgangspunkt i rammeføresetnadene for inneverande planperiode, vert såleis dokumentert nærmare der. Investeringsdelen i økonomiplanen skal også vere bra dokumentert; mellom anna ved å vise korleis det einskilde prosjekt (og ramma for prosjektet det einskilde år dersom det går over fleire år) er finansiert.

Vurdering

Kommunen har god økonomi med inntektsvilkår – målt med det som vert kalla korrigerte frie inntekter, heilt i øvre klasse blant alle kommunane i landet. Rådmannen har kunna lagt fram ein økonomiplan med solide netto driftsresultat; som har gjeve rom både for tilfredsstillande fondsavsetjing og eigenkapitalfinansiering av investeringar. Hovudgrunnen til dette er den ekstraordinære situasjonen med svært høg straumpris. Dette vil gje innverknad på kommunen sin eige domsskatt og konsesjonskraftinntekter. Økonomiplanen bygger på ein snitt pris på straum i marknaden (spot) på 1 krone pr kWh i 2023. Det blir særskilt viktig å forvalte økonomien til kommunen slik at den blir berekraftig utover dei «ekstraordinære» inntektsåra.

I framlegget til Statsbudsjett for 2023 er det føreslege eit eittårig trekk i rammetilskotet for

konsesjonskraft tilsvarande 2,2 milliardar frå kommunar frå konsesjonskraft. Framlegget får store konsekvensar for kommunen sine inntekter i 2023, og det er viktig å ta høgde for dette. Rådmannen vil legge sak for kommunestyret når trekket i rammetilskotet er kjent. Kommunen har rapporteringsfrist 1. desember 2022 på korleis kommunen har forvalta konsesjonskrafta i 2022. Alt etter storleiken på rammetrekke i 2023, må kommunen vurdere investeringsprogrammet i planperioden. Dette er grunna i at det er planlagt mykje bruk av eigenkapital finansieringa av investeringsprogrammet i perioden.

Styring etter klare og gode finansielle måltal vil naturleg nok vere svært sentralt også frametter. I tilrådinga til vedtak er det lagt fram både nokre nye måltal og justeringar av einskilde.

Kommunen må ha fokus og trykk på omstilling framover. Kommunen må legge opp til smartare måtar å gjennomføre tenesteproduksjonen på framover – ikkje minst pga. rekrutteringsutfordringar og at forsørgerbyrda aukar (færre yrkesaktive bak hver

tenestemottakar). Det betyr færre tilsette til å levere dei forventa og gode tenestene som innbyggjarane og tilreisande i kommunen skal ha.

24.11.2022 Administrasjonsutvalet

Tilleggsforslag:

Framlegg frå Monica Finden, H:

Aurland kommune har mål om å auke tal lærlingeplassar innafor oppvekst og Pleie og omsorg med 50%. I tillegg skal det leggest til rette for lærlingar innafor øvrige einingar der det er kapasitet til det. Dette for å betre tilgang på kvalifisert personale.

Handsaming i møte:

Informasjon om nye korrigerede tilskotssatsar til Spiren barnehage.

Røysting:

Det vart røysta samla over framlegg frå Monica Finden og rådmann: samrøystes

ADM-021/22 Vedtak:

Tilråding frå rådmannen:

	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026
100 Politiske organ	2 757 300	2 527 300	2 757 300	2 473 000
110 Rådmannsfunksjonen	28 662 800	28 691 000	28 312 000	27 691 000
120 Kultur	4 850 640	4 989 000	4 989 000	4 989 000
210 ABU	19 800 000	20 163 000	20 163 000	19 766 000
221 Flåm barnehage	5 028 679	5 158 000	5 158 000	5 158 000
222 Aurland barnehage	9 921 000	9 958 000	9 598 000	9 598 000
230 Flåm skule	6 007 000	6 007 000	6 007 000	6 007 000
300 helse og førebygging	18 675 000	18 675 000	18 675 000	18 675 000
301 NAV Aurland	2 040 000	2 040 000	2 040 000	2 040 000
302 Barnevern	2 792 727	2 792 000	2 792 000	2 792 000
310 Pleie og omsorg	38 762 000	38 398 000	38 398 000	38 398 000
311 Bu og miljø	27 239 011	27 095 000	27 095 000	27 045 000
500 Teknisk	27 281 796	30 282 000	28 782 000	28 732 000

1. Kommunestyret vedtek driftsdelen av økonomiplanen 2023-26, og dermed også driftsbudsjettet for 2023, i samsvar med oppstillinga Løvingsoversikt drift i kapittel 4.2 i rådmannen sitt budsjettdokument. Kommunestyret vedtek elles løyvingar – i form av nettorammer, til dei ulike ramme-/budsjettområda i tråd med tabelloppstillinga nedanfor:
2. Kommunestyret vedtek investeringsdelen av økonomiplanen 2023-26, og dermed også investeringsbudsjettet for 2023, i samsvar med oppstillinga Løvingsoversikt investering i kapittel 4.8 i rådmannen sitt budsjettdokument.

Kommunestyret vedtek at ikkje-avslutta investeringsprosjekt ved årsskiftet 2022/23 vert vidareført til 2023, og teke inn med restramme og tilhøyrande finansiering i ei

særskilt sak på nyåret.

Kommunestyret vedtek låneopptak til nyinvesteringar i 2023 på 5.500.000 kr fullt ut knytta til VA-investeringar, og med 25 år som nedbetalingstid utan nokon avdragsfri periode. Rådmannen får fullmakt til å ta opp lån innanfor denne ramma, og avgjere lånevilkåra.

3. Kommunestyret vedtek at skatt på inntekt og formue for forskuddspliktige skatteytarar vert skriven ut på grunnlag av lova sitt maksimum for inntektsåret 2023.
4. Kommunestyret vedtek å skrive ut eigedomsskatt med 7 ‰ på energianlegg i medhald av § 3 c) i Lov om eigedomsskatt til kommunane, samt på bygning og grunn i tidlegare verk og bruk, jf. andre ledd i overgangsregel til §§ 3 og 4 i lova. Det vert dessutan skriven ut skatt med 7 ‰ på det særskilte skattegrunnlaget frå tidlegare verk og bruk, redusert med 5/7 i 2023, jf. første ledd i overgangsregel til §§ 3 og 4 i lova. Forfall vert sett til 10. april og 10. oktober
5. Prisar og gebyr blir vedtekne i samsvar med vedlagte dokument «Prisar og gebyr 2023». Renovasjons- og slamgebyr til Simas IKS vert endra i tråd med framlegg frå representantskapen i Simas.
6. Bruk av konsesjonsavgiftsfondet i 2023 vert vedteke i samsvar med tabelloppstilling i kapittel 4.5 i rådmannen sitt budsjettokument.
7. Tilskot til kyrkjeleg fellesråd vert sett til 2.732.000 kr for 2023, opp frå 2.590.000 kroner i 2022.
8. Kommunestyret vedtek netto driftsresultat, netto lånegjeld, netto finansutgifter og disposisjonsfond som finansielle måltal for økonomistyringa. Måltala gjeld for kommunekassa. Kommunestyret sett som mål at:
 - i. Netto driftsresultatet – etter den nye definisjonen, skal vere på minimum 2,0 % av sum driftsinntekter det einkilde år,
 - ii. Netto lånegjeld – etter den nye definisjonen, over tid og i gjennomsnitt skal haldast innanfor 75 % av sum driftsinntekter det einkilde år,
 - iii. Netto finansutgifter over tid og i gjennomsnitt skal haldast innanfor 3,5 % av sum driftsinntekter det einkilde år,
 - iv. Midlar på disposisjonsfond skal minst utgjere 17,5 % av sum driftsinntekter det einkilde år

Konsesjonsavgiftsfondet skal ha ein minstestørleik på 20 mill. kr.

Kommunestyret vedtek at det årleg i økonomiplan-perioden 2023-26 vert sett av 3 mill. kr til det etablerte premieavviksfondet, slik at effekten av premieavvik i større grad skal nøytraliseras og for på sikt bygge opp fondet til å bli like stort som netto, akkumulert positivt premieavvik i balansen

Aurland kommune har mål om å auke tal lærlingeplassar innafor oppvekst og Pleie og omsorg med 50%. I tillegg skal det leggest til rette for lærlingar innafor øvrige einingar der det er kapasitet til det. Dette for å betre tilgang på kvalifisert personale.

Samrøystes

24.11.2022 Formannskapet

Tilleggsforslag:

Tilleggsframlegg frå Monica Finden, H:

- Aurland kommune har mål om å auke tal lærlingeplassar innafor oppvekst og Pleie og omsorg med 50%. I tillegg skal det leggst til rette for lærlingar innafor øvrige einingar der det er kapasitet til det. Dette for å betre tilgang på kvalifisert personale.
- Aurland kommune gjer ei vurdering på å gjennomføre norskopplæring/vaksenopplæring i Aurland.
- Tillegg 2.3 regionale planar: Aurland kommune skal gje høyringsfråsegn til relevante regionale planar.
- Tillegg 3.6 arealbruk: Aurland kommune skal arbeida for å sikra Flåmsvassdraget, fylkesvegane og andre flaum- og rasutsette område.
- Tillegg Side 36 Tilrettelegging for næring: Aurland kommune skal arbeida for berekraftig cruiseaktivitet og for å få realisert landstraum og knutepunkt for elektrifisering av transport og aktivitetar.
- Arbeida for gode rammevilkår for utvinning av anortositt.
- Tillegg 5.2 trafikktrygging: Aurland kommune skal bli trafikksikker kommune i løpet av økonomiplanperioden.
- Tillegg Side 38, Legetenesta, 2.avsnitt: Det skal vera legekontor i Aurland.

Framlegg frå Formannskapet:

Gebyr for borgerleg vigsel for par som ikkje er busette i Aurland kommune vert sett til kr. 1000,-

Vigsel utanom rådhuset vert sett til kr. 1500,-

Framlegg frå Trygve Skjerdal, Sp:

- AIS-kulturstove vert endra slik: 500.000 kroner flytt til 2024 for prosjektering. Resterande 4.000.000 vert ståande i 2025.
- Rehabilitering idrettsbana og vatningsanlegg vert slegne saman til eitt prosjekt og flytt til 2023. Sum vert oppjustert til 7.000.000. Underdekning som resultat av forslaga på 2.600.000 vert henta frå disposisjonsfond.

Handsaming i møte:

Nestleiar ved teknisk Jan Olav Møller var tilstades og svarte på spørsmål.

Rådmann Steinar Sjøgaard orienterte om økonomiplan 2023-2026/budsjett 2023 - rådmannen sitt framlegg.

Innspel frå Plan og eigedomsutvalet og Levekårsutvalet går direkte til handsaming i Kommunestyret

Informasjon om nye korrigerede tilskotssatsar til Spiren barnehage.

Røysting:

Framlegg frå Formannskapet - satsar for borgarleg vigsel: samrøystes

Framlegg frå Monica Finden - lærlingar: samrøystes

Framlegg frå Monica Finden - norskopplæring/vaksenopplæring: samrøystes

Framlegg frå Monica Finden - tillegg 2.3: 2 røyster for (H 1, Ap 1) og 3 røyster mot (Sp 3)

Framlegg frå Monica Finden - tillegg 3.6: 2 røyster for (H 1, Ap 1) og 3 røyster mot (Sp 3)

Framlegg frå Monica Finden - tillegg s. 36: 2 røyster for (H 1, Ap 1) og 3 røyster mot (Sp 3)

Framlegg frå Monica Finden - anortositt: 2 røyster for (H 1, Ap 1) og 3 røyster mot (Sp 3)

Framlegg frå Monica Finden - tillegg 5.2: 3 røyster for (H 1, Ap 1, Sp 1) og 2 røyster mot (Sp 2)

Framlegg frå Monica Finden - tillegg s- 38: 2 røyster for (H 1, Ap 1) og 3 røyster mot (Sp 3)

Framlegg frå Trygve Skjerdal - kulepunkt 1: samrøystes

Framlegg frå Trygve Skjerdal - kulepunkt 2: samrøystes

Samla røysting over framlegg frå rådmann med tillegg: samrøystes

FS-056/22 Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek driftsdelen av økonomiplanen 2023-26, og dermed også driftsbudsjettet for 2023, i samsvar med oppstillinga Løvingsoversikt drift i kapittel 4.2 i rådmannen sitt budsjettokument. Kommunestyret vedtek elles løyvingar – i form av nettorammer, til dei ulike ramme-/budsjettområda i tråd med tabelloppstillinga nedanfor:

	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026
100 Politiske organ	2 757 300	2 527 300	2 757 300	2 473 000
110 Rådmannsfunksjonen	28 662 800	28 691 000	28 312 000	27 691 000
120 Kultur	4 850 640	4 989 000	4 989 000	4 989 000
210 ABU	19 800 000	20 163 000	20 163 000	19 766 000
221 Flåm barnehage	5 028 679	5 158 000	5 158 000	5 158 000
222 Aurland barnehage	9 921 000	9 958 000	9 598 000	9 598 000
230 Flåm skule	6 007 000	6 007 000	6 007 000	6 007 000
300 helse og førebygging	18 675 000	18 675 000	18 675 000	18 675 000
301 NAV Aurland	2 040 000	2 040 000	2 040 000	2 040 000
302 Barnevern	2 792 727	2 792 000	2 792 000	2 792 000
310 Pleie og omsorg	38 762 000	38 398 000	38 398 000	38 398 000
311 Bu og miljø	27 239 011	27 095 000	27 095 000	27 045 000
500 Teknisk	27 281 796	30 282 000	28 782 000	28 732 000

- 1.
2. Kommunestyret vedtek investeringsdelen av økonomiplanen 2023-26, og dermed også investeringsbudsjettet for 2023, i samsvar med oppstillinga Løvingsoversikt investering i kapittel 4.8 i rådmannen sitt budsjettokument.

Kommunestyret vedtek at ikkje-avslutta investeringsprosjekt ved årsskiftet 2022/23 vert vidareført til 2023, og teke inn med restramme og tilhøyrande finansiering i ei særskilt sak på nyåret.

Kommunestyret vedtek låneopptak til nyinvesteringar i 2023 på 5.500.000 kr fullt ut knytta til VA-investeringar, og med 25 år som nedbetalingstid utan nokon avdragsfri periode. Rådmannen får fullmakt til å ta opp lån innanfor denne ramma, og avgjere lånevilkåra.

3. Kommunestyret vedtek at skatt på inntekt og formue for forskuddspliktige skatteytarar vert skriven ut på grunnlag av lova sitt maksimum for inntektsåret 2023.
4. Kommunestyret vedtek å skrive ut eigedomsskatt med 7 % på energianlegg i medhald av § 3 c) i Lov om eigedomsskatt til kommunane, samt på bygning og grunn i tidlegare verk og bruk, jf. andre ledd i overgangsregel til §§ 3 og 4 i lova. Det vert dessutan skriven ut skatt med 7 % på det særskilte skattegrunnlaget frå tidlegare verk og bruk, redusert med 5/7 i 2023, jf. første ledd i overgangsregel til §§ 3 og 4 i lova. Forfall vert sett til 10. april og 10. oktober
5. Prisar og gebyr blir vedtekne i samsvar med vedlagte dokument «Prisar og gebyr 2023». Renovasjons- og slamgebyr til Simas IKS vert endra i tråd med framlegg frå representantskapen i Simas.

6. Bruk av konsesjonsavgiftsfondet i 2023 vert vedteke i samsvar med tabelloppstilling i kapittel 4.5 i rådmannen sitt budsjettokument.
7. Tilskot til kyrkjeleg fellesråd vert sett til 2.732.000 kr for 2023, opp frå 2.590.000 kroner i 2022.
8. Kommunestyret vedtek netto driftsresultat, netto lånegjeld, netto finansutgifter og disposisjonsfond som finansielle måltal for økonomistyringa. Måltala gjeld for kommunekassa. Kommunestyret sett som mål at:
 - i. Netto driftsresultatet – etter den nye definisjonen, skal vere på minimum 2,0 % av sum driftsinntekter det einkilde år,
 - ii. Netto lånegjeld – etter den nye definisjonen, over tid og i gjennomsnitt skal haldast innanfor 75 % av sum driftsinntekter det einkilde år,
 - iii. Netto finansutgifter over tid og i gjennomsnitt skal haldast innanfor 3,5 % av sum driftsinntekter det einkilde år,
 - iv. Midlar på disposisjonsfond skal minst utgjere 17,5 % av sum driftsinntekter det einkilde år

Konsesjonsavgiftsfondet skal ha ein minstestorleik på 20 mill. kr.

Kommunestyret vedtek at det årleg i økonomiplan-perioden 2023-26 vert sett av 3 mill. kr til det etablerte premieavviksfondet, slik at effekten av premieavvik i større grad skal nøytraliseras og for på sikt bygge opp fondet til å bli like stort som netto, akkumulert positivt premieavvik i balansen

- Aurland kommune har mål om å auke tal lærlingeplassar innafor oppvekst og Pleie og omsorg med 50%. I tillegg skal det leggjast til rette for lærlingar innafor øvrige einingar der det er kapasitet til det. Dette for å betre tilgang på kvalifisert personale.

- Aurland kommune gjer ei vurdering på å gjennomføre norskopplæring/vaksenopplæring i Aurland.

- Tillegg 5.2 trafikktrygging: Aurland kommune skal bli trafikksikker kommune i løpet av økonomiplanperioden.

- AIS-kulturstove vert endra slik: 500.000 kroner flytt til 2024 for prosjektering. Resterande 4.000.000 vert ståande i 2025.

- Rehabilitering idrettsbana og vatningsanlegg vert slegne saman til eitt prosjekt og flytt til 2023. Sum vert oppjustert til 7.000.000.

Underdekning som resultat av forslaga på 2.600.000 vert henta frå disposisjonsfond.

- Gebyr for borgerleg vigsel for par som ikkje er busette i Aurland kommune vert sett til kr. 1000,-

- Gebyr for vigsel utanom rådhuset vert sett til kr. 1500,-
Samrøystes

15.12.2022 Kommunestyret

Tilleggsforslag:

Tilleggsframlegg frå Monica Finden (H):

1. Det vert sett av kr. 250.000 til planlegging og regulering av næringsareal/industriområde i

samband med at me no får tilgang på steinmassar frå oppgradering av Lærdalstunnelen. Dekning frå konsesjonsavgiftsfondet.

2. Tillegg s. 38, legetenesta, 2.avsnitt: Det skal vera legekantor i Aurland.

3. Tillegg 3.6 arealbruk: Aurland kommune skal arbeida for å sikra Flåmsvassdraget, fylkesvegane og andre flaum- og rasutsette område.

Tilleggsframlegg til økonomiplanen sin handlingsdel frå David Underdal (Sp) og Monica Finden (H):

Det skal vera eit godt og tilgjengeleg legekantor i Aurland. Samlokalisering ved helsetunet er oppe til vurdering.

Tilleggsframlegg frå Kjell Bøe Bjørgum (Ap):

1. Helsestasjon og skulehelsetenesta:

Kommunestyret ser at ein har eit stort behov for 1 person til i området helsestasjon- og skulehelseteneste og helsestasjon for ungdom i Aurland. Kommunestyret vedtek at engasjementstillinga ved helsestasjonen vert gjort permanent. Rådmann arbeidar inn dette i 1. tertialrapport 2023.

2. Potten for kulturmidlar vert auka med kr. 200.000,- frå 2023. Finansiert med bruk av disp.fond.

3. For å sikre lag og organisasjonar mellomfinansiering til større vedlikehaldsprosjekt og spelemiddel opprettar Aurland kommune ei mellomfinansieringsordning for lag og organisasjonar. Administrasjonen utarbeidar regelverk og legg fram eiga sak på dette.

4. Kommunestyret ynskjer å få tal på kor mykje det vil koste å innføre gratis skulemat på skulane i Aurland. Eiga sak skal leggjast fram med sikte på å innføre dette frå skulestart august 2024. Her vil me gjerne ha prisar for varm mat og for enklare kost/brødmat. Andre kostnader knytt til dette må sjølvsgt òg kome fram.

5. 110 Rådmannsfunksjonen

Bruk av fond kr. 800.000,- til plan vert teke ut av budsjettet. Eventuelt meirforbruk til plan skal hentast av ramma til funksjon 110.

Tilleggsframlegg frå Kristoffer Ullern-Hansen (MDG):

Turstien Brekkehagen - Flåm skule vert sett opp som eiga sak i februar 2023.

Handsaming i møte:

Delt ut i møtet:

Innspeil til økonomiplan 2023/2026/Budsjett 2023 frå Undredal bygdelag og Svein Tufte. Desse kom inn til kommunen etter at fristen var utløpt. Dette er registrert i kommunen sitt sak/arkivsystem i arkivsak 22/616.

Ordførar Trygve Skjerdal (Sp) ba om eit gruppemøte.

Røysting:

Det vart røysta over tilleggframlegg frå Monica Finden:

punkt 1: samrøystes

punkt 3: samrøystes

Det vart røysta over tilleggframlegg frå David Underdal og Monica Finden: samrøystes

Det vart røysta over tilleggsframlegg frå Kjell Bøe Bjørgum:

punkt 1: 11 røysta for (Ap 4, H 3, MDG 2, Sp 2), 6 røysta mot (Sp)

punkt 2: samrøystes

punkt 3: samrøystes

punkt 4: 15 røysta for (Ap 4, H 3, MDG 2, Sp 6), 2 røysta mot (Sp)

punkt 5: 7 røysta for (Ap 4, H 3) 10 røysta mot (Sp 8, MDG 2)

Det vart røysta over tilleggsframlegg frå Kristoffer Ullern-Hansen: 16 røysta for (Ap 4, H 3, MDG 2, Sp 7), 1 røysta mot (Sp)

Det vart til slutt røysta over Formannskapet sitt framlegg til Økonomiplan 2023 - 2026/Budsjett 2023 med endringar og vedtak fatta i møtet: samrøystes

KS-077/22 Vedtak:

Kommunestyret vedtek driftsdelen av økonomiplanen 2023-26, og dermed også driftsbudsjettet for 2023, i samsvar med oppstillinga Løvingsoversikt drift i kapittel 4.2 i rådmannen sitt budsjettokument. Kommunestyret vedtek elles løyvingar – i form av nettorammer, til dei ulike ramme-/budsjettområda i tråd med tabelloppstillinga nedanfor:

	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026
100 Politiske organ	2 757 300	2 527 300	2 757 300	2 473 000
110 Rådmannsfunksjonen	28 662 800	28 691 000	28 312 000	27 691 000
120 Kultur	4 850 640	4 989 000	4 989 000	4 989 000
210 ABU	19 800 000	20 163 000	20 163 000	19 766 000
221 Flåm barnehage	5 028 679	5 158 000	5 158 000	5 158 000
222 Aurland barnehage	9 921 000	9 958 000	9 598 000	9 598 000
230 Flåm skule	6 007 000	6 007 000	6 007 000	6 007 000
300 helse og førebygging	18 675 000	18 675 000	18 675 000	18 675 000
301 NAV Aurland	2 040 000	2 040 000	2 040 000	2 040 000
302 Barnevern	2 792 727	2 792 000	2 792 000	2 792 000
310 Pleie og omsorg	38 762 000	38 398 000	38 398 000	38 398 000
311 Bu og miljø	27 239 011	27 095 000	27 095 000	27 045 000
500 Teknisk	27 281 796	30 282 000	28 782 000	28 732 000

- 1.
2. Kommunestyret vedtek investeringsdelen av økonomiplanen 2023-26, og dermed også investeringsbudsjettet for 2023, i samsvar med oppstillinga Løyingsoversikt investering i kapittel 4.8 i rådmannen sitt budsjettokument.

Kommunestyret vedtek at ikkje-avslutta investeringsprosjekt ved årsskiftet 2022/23 vert vidareført til 2023, og teke inn med restramme og tilhøyrande finansiering i ei særskilt sak på nyåret.

Kommunestyret vedtek låneopptak til nyinvesteringar i 2023 på 5.500.000 kr fullt ut knytta til VA-investeringar, og med 25 år som nedbetalingstid utan nokon avdragsfri periode. Rådmannen får fullmakt til å ta opp lån innanfor denne ramma, og avgjere lånevilkåra.

3. Kommunestyret vedtek at skatt på inntekt og formue for forskuddspliktige skatteytarar vert skriven ut på grunnlag av lova sitt maksimum for inntektsåret 2023.
4. Kommunestyret vedtek å skrive ut eigedomskatt med 7 % på energianlegg i medhald av § 3 c) i Lov om eigedomsskatt til kommunane, samt på bygning og grunn i tidlegare verk og bruk, jf. andre ledd i overgangsregel til §§ 3 og 4 i lova. Det vert dessutan skriven ut skatt med 7 % på det særskilte skattegrunnlaget frå tidlegare verk og bruk, redusert med 5/7 i 2023, jf. første ledd i overgangsregel til §§ 3 og 4 i lova. Forfall vert sett til 10. april og 10. oktober

5. Prisar og gebyr blir vedtekne i samsvar med vedlagte dokument «Prisar og gebyr 2023». Renovasjons- og slamgebyr til Simas IKS vert endra i tråd med framlegg frå representantskapen i Simas.
6. Bruk av konsesjonsavgiftsfondet i 2023 vert vedteke i samsvar med tabelloppstilling i kapittel 4.5 i rådmannen sitt budsjettokument.
7. Tilskot til kyrkjeleg fellesråd vert sett til 2.732.000 kr for 2023, opp frå 2.590.000 kroner i 2022.
8. Kommunestyret vedtek netto driftsresultat, netto lånegjeld, netto finansutgifter og disposisjonsfond som finansielle måltal for økonomistyringa. Måltala gjeld for kommunekassa. Kommunestyret sett som mål at:
 - i. Netto driftsresultatet – etter den nye definisjonen, skal vere på minimum 2,0 % av sum driftsinntekter det einkilde år,
 - ii. Netto lånegjeld – etter den nye definisjonen, over tid og i gjennomsnitt skal haldast innanfor 75 % av sum driftsinntekter det einkilde år,
 - iii. Netto finansutgifter over tid og i gjennomsnitt skal haldast innanfor 3,5 % av sum driftsinntekter det einkilde år,
 - iv. Midlar på disposisjonsfond skal minst utgjere 17,5 % av sum driftsinntekter det einkilde år

Konsesjonsavgiftsfondet skal ha ein minstestorleik på 20 mill. kr.

Kommunestyret vedtek at det årleg i økonomiplan-perioden 2023-26 vert sett av 3 mill. kr til det etablerte premieavviksfondet, slik at effekten av premieavvik i større grad skal nøytraliserast og for på sikt bygge opp fondet til å bli like stort som netto, akkumulert positivt premieavvik i balansen

- Aurland kommune har mål om å auke tal lærlingeplassar innafor oppvekst og Pleie og omsorg med 50%. I tillegg skal det leggjast til rette for lærlingar innafor øvrige einingar der det er kapasitet til det. Dette for å betre tilgang på kvalifisert personale.

- Aurland kommune gjer ei vurdering på å gjennomføre norskopplæring/vaksenopplæring i Aurland.

- Tillegg 5.2 trafikktrygging: Aurland kommune skal bli trafikksikker kommune i løpet av økonomiplanperioden.

- AIS-kulturstove vert endra slik: 500.000 kroner flytt til 2024 for prosjektering. Resterande 4.000.000 vert ståande i 2025.

- Rehabilitering idrettsbana og vatningsanlegg vert slegne saman til eitt prosjekt og flytt til 2023. Sum vert oppjustert til 7.000.000. Underdekning som resultat av forslaga på 2.600.000 vert henta frå disposisjonsfond.

- Gebyr for borgerleg vigsel for par som ikkje er busette i Aurland kommune vert sett til kr. 1000,-

- Gebyr for vigsel utanom rådhuset vert sett til kr. 1500,-

- Det vert sett av kr. 250.000 til planlegging og regulering av næringsareal/industrialområde i samband med at me no får tilgang på steinmassar frå oppgradering av Lærdalstunnelen. Dekning frå konsesjonsavgiftsfondet.

- Tillegg 3.6 arealbruk: Aurland kommune skal arbeida for å sikra Flåmsvassdraget,

fylkesvegane og andre flaum- og rasutsette område.

- Det skal vera eit godt og tilgjengeleg legekontor i Aurland. Samlokalisering ved helsetunet er oppe til vurdering.

- Helsestasjon og skulehelsetenesta: Kommunestyret ser at ein har eit stort behov for 1 person til i området helsestasjon- og skulehelseteneste og helsestasjon for ungdom i Aurland. Kommunestyret vedtek at engasjementstillinga ved helsestasjonen vert gjort permanent. Rådmann arbeidar inn dette i 1. tertialrapport 2023

- Potten for kulturmidlar vert auka med kr. 200.000,- frå 2023. Finansiert med bruk av disp.fond.

- For å sikre lag og organisasjonar mellomfinansiering til større vedlikehaldsprosjekt og spelemiddel opprettar Aurland kommune ei mellomfinansieringsordning for lag og organisasjonar. Administrasjonen utarbeidar regelverk og legg fram eiga sak på dette.

- Kommunestyret ynskjer å få tal på kor mykje det vil koste å innføre gratis skulemat på skulane i Aurland. Eiga sak skal leggjast fram med sikte på å innføre dette frå skulestart august 2024. Her vil me gjerne ha prisar for varm mat og for enklare kost/brødmatt. Andre kostnader knytt til dette må sjølvstøttast og kome fram.

- Turstien Brekkehagen - Flåm skule vert sett opp som eiga sak i februar 2023.

Samrøystes

Vedlegg:

Økonomiplan 2023-2026 med budsjett 2023 - Formannskapet sin innstilling

Sak 13.2022 Møtebok budsjett kontrollutvalet Aurland 2023

Sak 13 Budsjett for kontrollutvalet

Aurland Idrettslag - innspel til budsjett - presisering frå fotballgruppa i høve fotballbana - fylgjeskriv

Norsk sjukepleiar forbund Aurland - Innspel til økonomiplanen 2023-2026

Utdanningsforbundet - høyringsuttale økonomiplan 2023-2026 og budsjett 2023 Aurland

Innspel frå Plan- og eigedomsutvalet og Levekårsutvalet til økonomiplan 2023-2026/Budsjett 2023

Aurland eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne - innspel til økonomiplan 2023-2026 og budsjett 2023

Innspel budsjett - presisering frå fotballgruppa

Aurland ungdomsråd - innspel økonomiplan 2023-2026 - budsjett 2023

Prisar og gebyr 2023 - Formannskapet sin innstilling

Økonomiplan 2023-2026/Budsjett 2023 - Rådmannen sitt framlegg

Gebyrhefte 2023